



Til Hordaland Fylkeskommune

|                        |         |
|------------------------|---------|
| ULLENSVANG HERAD       |         |
| Arkiv saksnr.          | 09/262  |
| Dok.nr:                | 20      |
| Journalnr. år: 15/8263 |         |
| 19 AUG 2015            |         |
| Saksbeh.:              | TRE/    |
| Ark.kode:              | 247     |
| Arkivdel:              | SA12-15 |
| Kopi til:              |         |
| Ark.kode:              |         |
| Gradering:             |         |

**ESPE GRENDAHUS – REKNESKAP I SAMBAND MED TILSAGN OM  
TILDELING AV KULTURBYGGMIDLAR – ANLEGGNUMMER 1231 0033 01  
ESPE GRENDAHUS - ULLENSVANG HERAD**

**REVISOR SIN UTTALE**

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlinger. Handlingane er utført for å stø dykk i vurderinga av om rekneskapen for anlegget er i samsvar med ”Føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet” som går fram av Hordaland Fylkeskommune sin heimeside og vilkår nemnd i tilsagnsbrev datert 19.desember 2012.

Den samla totalsum for anlegget/prosjektet pr 31.12.2014 er på kr. 861.601,-.  
Løyvd tilskot lyder på kr. 275.000,-.

Vi har kontrollert at:

- inntekter og kostnader vedkjem anlegget, herunder at berre utgifter til tilskuddsberettiga element inngår som ein del av dei tilskuddsberettiga kostnadane
- oppgitte beløp for meirverdiavgift tilsvarer faktisk betalt meirverdiavgift og at det ikkje er krevd frådrag for inngående meirverdiavgift for desse beløpa
- utgifter er attestert og tilvist av personar med dei nødvendige fullmakter
- inn- og utbetalingar som vedkjem anlegget, er føreteke frå den konto som er oppgitt for dette formål
- det er eit klart skilje mellom byggerekneskapen for anlegget og den øvrige drift
- rekneskapssamdraget, som blir sendt fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Vi har ved våre kontrollhandlingar registrert følgjande forhold som det må verta tatt omsyn til:

- Det er utarbeida eige prosjektrekneskap og er ikkje ein del av Ullensvang herad sitt rekneskap.
- Alle kostnader vedkjem Espe Grendahus, og er ikkje rekna som drift eller ordinært vedlikehald.
- Rekneskapssamdraget manglar budsjett og finansieringsplan.
- Tilskotet er nytta innanfor tidsråma gjeve i dei generelle retningslinene punkt 2 i tilsagnsbrevet.

Vårt arbeid avdekkja ingen vesentlege feil eller avvik med evt. unntak av det som er nemnt ovenfor.

Då dei ovannemnte kontrollhandlingar verken utgjer revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for nokon tryggleik for at informasjonen ikkje inneheld vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha komme til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk



## Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Vår uttale er utelukkande utarbeida for det formålet som er skildra i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til noko anna formål. Uttalen er kun meint å skulle distribuerast til Hordaland fylkeskommune og anleggseigar.

Voss, 1. juli 2015

Elin Bye  
Registrert Revisor